



Kvituren underveis til båthamna måndag ettermiddag (Foto: Ola Matti Mathisen)

Saka om kor dei to store skutene i Uskedalen skal liggja kjem opp på ekstraordinært årsmøte i båtlaget - truleg i løpet av ein måned.

Det opplysar leiar Trond Lekva Myklebust til uskedalen.no i samband med at eigaren av Storm utan løyve har flytta skuta attende til bylgjedemparen lengst ute i båthamna. Der blir Storm liggjande til årsmøtet har vedteke kva som skal skje vidare.

Men leiaren gjer det klårt at han er samd med hamnevert Johan Sunde i at flyttinga frå Trelastlageret var ein provokasjon. På den andre sida gjeld det å finna ei løysing utan altfor mykje uro i båtlaget.

Den andre skuta som heiter Kvituren har fått grønt ljós av styret for den same flytte-operasjon av praktiske grunnar. og den fant stad i ettermiddag. Denne, som er ei Collin Archer-skøyte, er ikkje eigna til å liggja ved Trelastlageret, opplysar Lekva Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen